



37

DRIFTSRESULTAT (76)

16

RESULTAT FØR SKATT
(71)

KRAFTPRODUKSJON GWh (460)

309

OMSETNING (514)

633

TOTALKAPITAL (2 376)

2 943

EIGENKAPITALPROSENT (36,9)

29,4

REKNESKAP PR. 2. TERTIAL 2018

Rekneskapen pr. 2. tertial 2018 syner eit driftsresultat på 36,6 mill. kr (75,5) og eit resultat før skatt på 16,5 mill. kr (71,4). Omsetninga vart 633,4 mill. kr (514,2), totalkapitalen er 2 943,2 mill. kr (2 376,3) og eigenkapitalprosenten er 29,4 % (36,9). Netto finans syner eit resultat på -20,1 mill. kr (-4,1). Tilsvarande tal for 2. tertial 2017 står i parentes.

Konsernet har ein reduksjon i driftsresultatet på 38,9 mill. kr samanlikna med tilsvarande periode i 2017. Hovudårsaka til reduksjonen i driftsresultatet er lågare produksjonsvolum og høgare andre driftskostnader, som følgje av rehabilitering og oppgradering av turbinane i Tussa kraftverk på Bjørke. Kraftverket er Tussa sitt største kraftverk, med ein normalproduksjon på 266 GWh i året. Kraftverket har som planlagt vore ute av drift i nærare 6 månader i år. Nettverksemda er den største bidragsytaren til resultatet, og leverer om lag same resultat som på same tid i fjor. Tussa IKT har hatt positiv resultatutvikling, medan Tussa-24 og Tussa Installasjon viser lågare resultat samanlikna med 2. tertial 2017.

Finansresultatet er -20,1 mill. kr mot -4,1 mill. kr på same tid i fjor. Hovudforklaringa til resultatnedgangen er at ein i fjor hadde ei eingongsinntekt på 24 mill. kr frå sal av ekstern entreprenørverksemd i Mørenett til BKK Enotek. I tillegg er marknadsverdien på rentesikringsavtalar og rente-/valutaswap bokført pr. 2. tertial i år. Marknadsverdien har utvikla seg positivt så langt i år. Gjennomsnittleg lånerente på eksterne lån var 3 % ved utgangen av tertialet.

Skattekostnaden er estimert til 2,6 mill. kr (24,2) pr. 2. tertial. Det er her bokført 3,7 mill. kr (11,3) overskotsskatt, og negativ grunnrenteskatt med 1,1 mill. kr (12,9). Årsaka til negativ grunnrenteskatt er negativ grunnrenteinntekt ved Tussa kraftverk pr. 31.08.18, som følgje av lågare produksjonsvolum og auka vedlikehaldskostnader i samband med arbeidet som har vore utført ved kraftverket i år. Estimert skattekostnad utgjer etter dette om lag 16 % av konsernresultatet (34 %). Vi ventar likevel at både betalbar skatt og grunnrenteskatt vert høgare for året sett under eitt.

Resultat etter estimert skatt er 13,9 mill. kr (47,2).

Investeringane er på 194,1 mill. kr (119,4), i hovudsak fordelt på nett med 106,1 mill. kr, IKT med 41,6 mill. kr og produksjon med 45 mill. kr.

Tussa Kraft AS har i perioden inngått avtale med Statkraft om kjøp av 49,005 % av aksjane i Istad AS. Kjøpet vart gjennomført 3. september, og kjøpesummen var om lag 368 mill. kr. Istad er eit veldrive konsern, og Tussa ønskjer å utvikle det vidare mellom anna gjennom meir samarbeid. Kjøpet er i hovudsak finansiert med lån, og samla gjeld for konsernet er pr. utgangen av tertialet vel 1,8 mrd. kroner.

Transaksjonen har konsekvensar for konsernet sin totalkapital og eigenkapitalandel. Pr. 2. tertial er totalkapitalen på 2 943,2 mill. kr, som er ein auke på 566,9 mill. kr samanlikna med 31.08.17. Eigenkapitalandelen pr. 2. tertial er 29,4 %. Basert på konsernet sitt potensiale, meiner styret at gjeldsnivået er forsvarleg.

ENERGI

Kraftproduksjon

Driftsresultatet for kraftproduksjon er 3,8 mill. kr, som er 32,4 mill. kr lågare enn på same tidspunkt i 2017. Reduksjonen har i hovudsak samanheng med den planlagde driftsstansen i Tussa kraftverk.

Akkumulert kraftproduksjon er på 308,6 GWh (460). Produksjonen ved utgangen av tertialet er om lag 79 % av normalproduksjonen for perioden. Tilsiget hittil i år har vore 87 % av normalen. Magasinfyllinga ved utløp av tertialet var på 77 % (79).

Hydrobalansen i Norden ligg ved utgangen av 2. tertial om lag 20 TWh under normalt for årstida. Snømagasinet er om lag null på denne tida av året. Gjennomsnittleg spotpris, systempris, på NordPool har hittil i år vore 40,3 øre/kWh (26,4). Område-prisen i Ørsta er tett på systemprisen, og gjennomsnittet var på 40,6 øre/kWh (26,6).

I august i fjor starta bygginga av Tenneelva kraftverk (10 GWh) i Vanylven kommune. Det er forventat at kraftverket blir sett i drift i 3. tertial i år.

Arbeidet i Tussa kraftstasjon, med rehabilitering og oppgradering av turbinar, tok til i slutten av februar i år. Planen var at verket skulle setjast i drift igjen primo juli. Det oppstod forseinkingar, og verket var på nett igjen medio august. Grunna den tørre sommaren medførte ikkje den forseinka idriftsetjinga nemneverdig med vasstap. Etter oppgraderinga forventar vi ein produksjonsauke på rundt 15 GWh, noko som utgjør vel 5 % av normalproduksjonen, og ein effektauke på i underkant av 15 MW. 8 MW av desse får vi ikkje utnytte før linjenettet i området er oppgradert.

I august i år gav NVE konsesjon til opprusting og utviding av Vartdal kraftverk (9 GWh).

Osdalen kraftverk, som fekk konsesjon for nokre år sidan, er ferdig detaljplanlagt, men grunna uavklart nettilknytning er utbygginga framleis på vent.

Kraftomsetning

Rekneskapen viser eit driftsresultat på 1,0 mill. kr (5,2) og eit resultat før skatt på 0,9 mill. kr (5,2). Omsetninga er på 183,4 mill. kr (134,6). Det har vore store prissvingingar i kraftmarknaden i år, med prisar frå 25 øre/kWh til over 60 øre/kWh eks. mva. Også prisane på elsertifikat har svinga mykje. Årsvolumet er noko høgare grunna eit kjøleg første halvår. Store prissvingingar uroar kundane, og fleire vel då å bytte kraftleverandør. Vi ser difor ein auke i talet på kundar som byter kraftleverandør. Vi har eit høgt inngående sal, men og mange som vel å forlate oss.

Kraftnett

Tussa eig 46,34 % av det felleskontrollerte føretaket Mørenett. Tussa sin del av selskapet er difor konsolidert inn i Tussa sin konsernrekneskap.

Rekneskapen til Tussa viser eit driftsresultat på 26,7 mill. kr (26,5) og eit resultat før skatt på 20,7 mill. kr (45,4). Driftsresultatet er uendra frå 2017, medan resultat før skatt er redusert som følgje av at vi i 2017 hadde eingongsinntekt frå sal av verksemd til BKK Enotek.

Det blir i alle ledd arbeidd for å nå måla i fusjonsplanen om at kostnadsbasen i nettmonopolet i 2018 skal gjere selskapet 100 % effektivt. Vi har redusert kostnadene langt over målet som selskapet har fått, men fordi andre nettselskap også effektiviserer er det utfordrande å nå målet om 100% effektivitet i 2018. Eit anna hovudmål med fusjonen er å leggje grunnlaget for god leveringskvalitet til kundane. I samband med dette er det arbeidd med prosessforbetringar og beredskapsarbeid i heile verdikjeda. Ekstraordinære hendingar skjer diverre likevel, og vinteren 2018 hadde vi eit omfattande utfall som gav oss høge KILE-kostnader. Ved utgangen av 2. tertial hadde vi samla kostnader for utfall på 24,1 mill. kr (5,5). KILE-kostnad er eit kvalitetsmål for oppetid i nettet.

Det har vore god utførande aktivitet i nettet. Dette gjeld både innanfor drift og vedlikehald, og innan ny- og reinvesteringar. Tussa sin del av investeringane i kraftnettet er pr. 2. tertial 106,1 mill. kr (56,1).

IKT

Driftsresultatet for IKT var 15,0 mill. kr (11,7) pr. 2. tertial.

Ved utgangen av tertialet er det levert fiber til 9 496 hushaldningar (7 488) og 577 bedrifter (479). Samla kundemasse over alle teknologiar er 12 321 hushaldningar (11 269) og 878 bedrifter (827). Hittil i år har selskapet hatt investeringar på 41,6 mill. kr (44,9). Dei fleste av coaxkundane er no konvertert til fiber, og dei 305 coaxkundane som står igjen vil bli konvertert i løpet av året. Fokus framover når det gjeld utbygging er dugnadsfelt og fortetting av eksisterande felt.

Innanfor forretningsområdet kommunikasjon har vi ved utgangen av tertialet ein auke i omsetning på 5,4 mill. kr, noko som utgjør 8 % vekst frå same tid i 2017.

Auken innanfor privatmarknaden for produktområda internett og TV står for 4,5 mill. kr, medan bedriftsmarknaden står for 0,9 mill. kr.

Ved utgangen av tertialet har vi hatt ein auke i omsetninga innanfor forretningsområdet IT på 5,1 mill. kr samanlikna med 2. tertial 2017. Dette gir ein vekst på 15,9 %. Hovudårsaka til dette er auke innanfor IT-avtalar og konsulenttenester på 2,4 mill. kr, og auke i sal av handelsvare på 2,7 mill. kr.

Installasjon

Driftsresultatet for installasjon var -5,5 mill. kr (1,9) pr. 2. tertial.

Ved utgangen av tertialet har selskapet ein reduksjon i omsetning på 10 % samanlikna med same tid i fjor. Reduksjonen er i marknadsområda som er knytt til større byggeprosjekt. I dette segmentet ser vi ein vanskelegare konkurransesituasjon, og difor reduserte dekningsgrader. Selskapet har stor aktivitet innanfor servicemarknaden, både for næring og privat, og vi forventar god aktivitet ut året. I tillegg vert det rekna på fleire større, interessante prosjekt.

Rekneskap Tussakonsernet

TAL I TUSEN KR

RESULTAT PR. 2. TERTIAL	2018	2017	2016
Salsinntekt	172 370	165 659	177 919
Energisal	273 718	164 306	175 874
Nettinntekt	169 260	158 193	190 618
Andre driftsinntekter	18 099	26 079	11 290
Sum driftsinntekter	633 447	514 237	555 701
Varekostnad	49 571	51 716	51 353
Energikjøp og overføringskostnad	219 098	98 097	96 725
Lønskostnad	120 651	129 921	134 478
Annan driftskostnad	117 189	72 575	72 286
Sum driftskostnad før avskr.	506 509	352 309	354 843
EBITDA	126 938	161 928	200 859
Avskrivning og nedskrivning	90 334	86 419	85 528
Driftsresultat	36 604	75 509	115 331
Finansinntekter	24 598	25 115	1 103
Finanskostnader	44 709	29 210	30 050
Resultat før skatt	16 493	71 414	86 383
Estimert skattekostnad	2 595	24 218	32 983
Resultat etter estimert skatt	13 898	47 196	53 400

BALANSE PR. 2. TERTIAL	2018	2017	2016
Anleggsmidler	2 328 147	2 155 932	2 077 441
Omløpsmidlar	615 033	220 342	206 368
Sum egedelar	2 943 180	2 376 274	2 283 809
Eigenkapital	863 910	877 726	819 804
Avsetning for forpliktingar	33 555	16 751	31 734
Langsiktig gjeld	1 843 458	1 295 026	1 250 478
Kortsiktig gjeld	202 257	186 771	181 793
Sum gjeld og eigenkapital	2 943 180	2 376 274	2 283 809

RESULTAT PR. 2. TERTIAL	OMSETNING		EBITDA		DRIFTSRESULTAT		RESULT. FØR SKATT	
	2018	2017	2018	2017	2018	2017	2018	2017
Kraftproduksjon	270 886	183 060	31 240	63 467	3 797	36 178	-4 967	24 024
Kraftomsetning	183 445	134 633	1 566	5 282	1 046	5 157	903	5 185
Nett	233 700	176 052	60 496	58 631	26 714	26 467	20 688	45 444
IKT	118 891	108 015	42 208	36 869	15 039	11 721	9 192	6 738
Installasjon	64 215	71 819	-4 097	3 023	-5 480	1 931	-5 427	2 014
Andre	18 174	19 962	-4 474	-5 383	-4 742	-6 216	-4 127	2 505
Konsernelimineringar	-255 863	-179 303	0	40	231	271	231	-14 494
Sum	633 447	514 238	126 938	161 928	36 604	75 509	16 493	71 415